



Byggteam Vest AS  
Flatøyvegen 57b  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/961 - 14/6935

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
07.05.2014

## MERKNAD TIL MOTTEKE SØKNADAR OM ANSVARSRETT OG FERDIGATTEST TILKNYTT BYGGJETILTAK PÅ GBNR 10/36 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til søknader motteke 2.5.2014 om høvesvis ansvarsrettar og ferdigattest tilknytt oppføring av ei hytte på gbnr. 10/36 på Holmeknappen i Meland kommune.

Kommunen har tidlegare godkjent nemnde hytteoppføring, med tilhøyrande godkjenning av naudsynte ansvarsrettar, jf. vedtak av 16.1.2013 i DNT-sak 032/13.

Føretaket som opphavleg vart godkjent med ansvarsrett for funksjonane ansvarleg søkjar (SØK) for heile tiltaket, overordna prosjekterande (PRO) med unntak av sanitærinstallasjonar og slamfråskiljar og overordna utførande (UTF) med unntak av riving, sanitærinstallasjonar og slamfråskilja, er i ettertid slått konkurs (Walde Entreprenør AS). Før kommunen kan kan ferdigattestere tiltaket må difor eit nytt/nye føretak godkjennast med ansvarsrettar for funksjonane og fagområda som Walde Entreprenør AS var godkjent for før konkursen.

Kommuneadministrasjonen kan førebels ikkje handsame de mottekne søknadane frå dykk om høvesvis ansvarsrettar og ferdigattest på grunn av følgjande omstende:

- Dykkar søknad om ansvarsrettar er avgrensa til funksjonane SØK, PRO og UTF innanfor fagområdet «*tømrerarbeid*», medan ferdigattestering av det aktuelle tiltaket altså er avhengig av at enten dykk eller anna føretak vert godkjent med ansvarsrettar for alle fagområda som Walde Entreprenør AS opphavleg var godkjent for, jf. gjennomgangen ovanfor. Gjeldande krav for godkjenning av føretak følgjer av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9-11, medan ansvaret innanfor dei ulike funksjonane og fagområda går fram av SAK10 kap. 12.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Tiltakshavaren må skriftleg stadfeste at ny ansvarleg søker har fullmakt til å opptre på vegne av tiltakshavar i det følgende.

Dersom korkje dykk eller noko anna føretak vil ta på seg ansvar for oppgåvene som Walde Entreprenør AS allereie har utført, vil kommunen på nærmare vilkår truleg kunne godkjenne at ansvarsrettar tilknytt PRO og UTF for utførte oppgåver vert erstatta med uavhengig kontroll av dei aktuelle fagområda, jf. SAK10 kap. 14.

Dykkar søknadar om ansvarsrettar og ferdigattest vert på denne bakgrunn lagt i ventearkiv i påvente av at ovannemnde dokumentasjon vert innsendt.

Ved spørsmål eller merknadar kan underteika kontaktast på tlf. 56 17 10 00.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Byggteam Vest AS

Flatøyvegen 57b 5918

FREKHAUG